



Kunnskapsdepartementet
Postboks 8113 Dep
0032 Oslo

Deres ref:

12/3367

Vår ref:
12/5299-4
Saksbehandler:
Jorunn
Furuberg

Dato:
28.9.2012

Høyring om behov for og organisering av eit system for analyse og formidling av kompetanseframskrivingar i Noreg

Vi viser til brev frå Kunnskapsdepartementet datert 27. juni 2012.

Arbeids- og velferdsdirektoratet vurderer at det er ønskeleg og viktig å få plass eit system for kartlegging, analyse og dialog om framtidige kompetansebehov i Noreg. Etter vår vurdering er det viktig at eit slikt system blir robust nok over tid slik at resultata av kompetanseframskrivingane kan brukast til fleire føremål og av fleire instansar. Det er vidare ønskeleg at ein satsar på å laga kompetanseframskrivingar både på mellomlang- og langt sikt. Arbeids- og Velferdsdirektoratet anbefaler difor at ein vel å satsa på det mest omfattande alternativet, i rapporten omtala som «Plan A».

NAV vil ha nytte av resultat av kompetanseframskrivingane i eigne analyser av arbeidsmarknaden, og til planlegging av framtidig ressursinnsats. Kompetanseframskrivingane vil også kunna bli eit verktøy for NAV- kontora i arbeidet med arbeidsretta oppfølging. NAV har også ei rolle som bidragsytar i dei ulike framlegga.

Nav si rolle som brukar av kompetanseframskrivingar

Ei koordinerande eining vil kunna gjera resultatet av kompetanseframskrivingar tilgjengeleg for ulike brukargrupper som har behov for denne kunnskapen. Arbeids- og velferdsdirektoratet ser det som viktig at den koordinerande eininga tar omsyn til ulike brukargrupper sitt behov. I tillegg til å gi informasjon som er retta inn mot einskildbrukarar, bør den koordinerande eininga gi aktuelle instansar tilgang til statistikk/data frå kompetanseframskrivingane. NAV har behov for kunnskap om framtidig kompetansebehov i planlegging av framtidig ressursinnsats.

Både etablering av nasjonal ekspertgruppe og regionale nettverk vil gi eit viktig bidrag til vidareutvikling av kompetanseframskrivingane, ved å vera ein møteplass mellom brukarar og produsentar av framskrivingane.

Arbeids og Velferdsdirektoratet
Postadresse: Postboks 5, St. Olavs plass // 0130 OSLO

Besøksadresse: Akersgata 64-68 //
Tel: 21 07 00 00 // Faks: 21 07 00 01

www.nav.no //

I kapittel tre er det gjort greie for kven som vil vera brukarar og ha nytte av eit slikt system som er foreslått. Dette vil vera brukarar på ulike nivå med ulik kompetansebakgrunn, roller og oppgåver. Først og fremst vil det vera planleggjarar og medarbeidarar med direkte brukarretta oppgåver innan rettleiing og undervisning. Vidare vil det vera aktuelt for einingar i NAV med brukarretta oppfølging, til dømes NAV-kontor, NAV Arbeidsrådgjeving og NAV Intro. Brukarar vil òg kunna vera, skolerådgjevarar og rettleiarar på karrieresentra som nemnd i rapporten. For at eit system for kompetanseframskrivingar skal bli til nytte for dei ulike brukargruppene er det viktig å leggja vekt på formidling. Kunnskapen som framskrivingane skal få fram må ha ei slik form, og bli tilrettelagt på ein slik måte, at den er forståeleg og anvendeleg for ulike medarbeidarar innan planlegging og tenesteyting. For at Nav skal kunna yta best mogeleg service til brukarane er det viktig at dei tilsette har god kunnskap om kva for kompetansebehov som blir etterspurt på arbeidsmarkanden. Det er vidare sentralt at rettleiarane på NAV har god kunnskap om kva for andre instansar og tenester som NAV sine brukarar kan nytta seg av på området.

Ei koordinerande eining som foreslått vil kunna vera eit viktig ledd i å styrkja oppgåvene med å samla, koordinera og analysa framskrivingar og forskning på området, og gjera det tilgjengeleg og anvendeleg. Å leggja ei slik eining til VOX kan sjåast i samanheng med VOX si rolle som kompetansepolitisk fagorgan der VOX har koordinerande oppgåver på fleire områder.

Eit forsterka system for kompetanseframskrivingar vil etter vår vurdering styrka eit felles kunnskapsgrunnlag for samarbeidet mellom NAV og fylkeskommunane, og med andre sektorar og instansar på ulike nivå i fylker og regionar. Dette vil gi eit betre grunnlag for å sjå kompetanseutvikling og arbeidsmarknadsutvikling i samanheng både i regional- og næringsutvikling, og ved planlegging av utdanningstilbod og tenesteyting for arbeidssøkjjarar og utdanningssøkjjarar.

Nav si rolle som bidragsytar til kompetanseframskrivingar

Arbeids- og velferdsdirektoratet stiller seg i utgangspunktet positive til ei utviding/ending av bedriftsundersøkelsen. Ein føresetnad for ei eventuell ending /utviding av bedriftsundersøkelsen er at dette blir finansiert gjennom den koordinerande eininga. Det er også ein føresetnad at NAV «eig» bedriftsundersøkelsen og står fritt til å endra opplegget for undersøkinga dersom NAV skulle finna dette aktuelt i framtida. I tillegg til NAV si deltaking i nasjonal ekspertgruppe, bør NAV Fylke vera representert i dei regionale nettverka dersom slike blir etablert.


NAV er positive til å samarbeida med eit framtidig kompetansesenter, og vil ta stilling til alle framlegg som kan involvera forpliktingar frå NAV si side etter kvart som dei blir aktuelle.

Med helsing



Jøakim Lystad

Arbeids- og velferdsdirektør



Yngvar Åsholt

Ass. Arbeids- og velferdsdirektør